



## 1-57 Vedlikehald drone

### 1 Formål

Rutinen skal sikre riktig vedlikehald av brannvesenet si drone

### 2 Bruksområde

Regelmessig vedlikehald av DJI Matrice 210 drone for at denne til ei kvar tid skal vere operativ

### 3 Definisjonar

Drone er eit ubemanna luftfartøy som kan kontrollerast med fjernstyring eller fly autonomt ved hjelp av programvare, sensorar og GPS.

### 4 Ansvar

Godkjende dronepilotar i Sunnfjord brann og redning

### 5 Framgangsmåte

Sjekk av drone før flyging:

1. Sjekk at motorane roterer som dei skal
2. Sjekk at armane på drona er riktig festa
3. Sjekk at rotorane sit fast og ikkje er skada
4. Sjekk at støttebein er riktig montert og festa
5. Sjekk at gimbal roterer som den skal
6. Sjekk at deksel over SD-kort er lukka

Sjekk av drone etter flyging:

1. Sjekk at det ikkje er fuktighet på kontaktar mellom batteri og drone. Tørk om dei er fuktige.
2. Sjekk at fpv kamera ikkje er fuktig. Tørk om det er fuktigt.
3. Sjekk at armane på drona og låsemekanismen er tørka og rein før ein åpnar opp låsen og foldar saman armane.
4. Pass på at tilkoplingspunkt på gimbal alltid er tørre. Ikkje ta av kamera i regnveir eller fuktige omgjevnadar. Tørk om dei er fuktige.
5. Hald kamera og gimbal vekke frå sand og vatn. Tørk om dei er våte.

Sjekk for å unngå skade etter kontakt med sand:

1. Dersom det er komt sand på armane på drona og låsane til armane skal dette fjernast med trykkluft.
2. Sjekk at FPV kamera roterer som det skal
3. Ta av rotorblad og start motorane. Lytt etter unormale lydar. Bytt motorane om det er ulyd i dei.

Sjekkliste skadde eller lause delar:

1. Sjekk at sikkerheitssnor på gimbal er heil og riktig festa. Bytt med 0,5mm fiskesnøre om det er skada.
2. Sjekk at festeskruar på støttebein/understell er tilskrudde, og at beina låser seg når dei vert satt på drona.
3. Sjekk at utløyseknapp for batteri fungerer, og at batterifester er intakte.
4. Sjekk at festeskruane til rotorblada er tilskrudde og at fjørsystemet i rotorlåsen fungerer



5. Sjekk at låsehylsene på armene er heile og roterer fritt.
6. Hald linsa på dei infrarøde sensorane reine og unngå å få riper/skade på disse.
7. Sjekk disse delane for slitasje:
  - Rotorblad
  - Landingsbein/understell
  - MotorDersom noko er slitt må det skaffast nye deler for byte.
8. Hald kameralinser reine og unngå riper/skade
9. Sjekk at batteriknapp fungerer normalt. IKKJE trykk på knapp med skarpe gjenstandar.
10. Sjekk batterilys og fuktbeskyttelse.
11. Sjekk ekstern GPS kabel og tilkopling
12. Sjekk dempeputene på gimbal, unngå gamle, morkne og ødelagde puter

**Tips til lagring:**

1. Unngå å legge drona på batterikassen under drona.
2. Oppbevarast tørt
3. Ta av ekstern GPS modul ved lagring

**Oppgradering av applikasjon og firmware:**

Pass på at du flyr med siste versjon av firmware og applikasjon

1. Sjekk kva som er siste versjon av firmware  
<https://www.dji.com/matrice-200-series/info#downloads>
2. DJI Pilot app nedlasting  
<http://dl.djicdn.com/djipilot-official.apk>

## 6 Referansar

[www.dji.com](http://www.dji.com)

## 7 Vedlegg

- DJI Matrice 200 series Maintenance Guide

## 8 Kryssreferansar